



Blom Settefisk AS  
Ulvøyvegen 130  
5337, Rong

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hedda Dugstad Østgaard, 5557 2052

## Rapport etter tilsyn hjå Blom Settefisk AS – Skålvik

Kontrollnummer: 2024.319.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn den 31.10.2024 med Blom Settefisk AS (organisasjonsnummer: 936 100 112) sitt landbaserte akvakulturanlegg på lokaliteten Skålvik.

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har brote vilkår og fristar for utsleppskontroll og miljøovervakingsprogram i utsleppsløyvet
- Avvik 2: Verksemda har mangelfull internkontroll som gjeld ytre miljø

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Vi ser alvorleg på avvik 1 og 2.

Blom Settefisk AS må snarast rette opp avvik. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 01.02.2025, som viser korleis de har retta avvik, og eventuelt ein tidfesta handlingsplan for å rette det som står att.

## Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Plassering av utsleppspunkt
- Merknad 2: Miljøgranskingar

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

## De må betale gebyr

Blom Settefisk AS må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet.

## Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [svlpost@statsforvalteren.no](mailto:svlpost@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med saksnr. 2020/4766.

## Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

### Avvik 1: Verksemda har brote vilkår og fristar for utsleppskontroll og miljøovervakingsprogram i utsleppsløyvet

#### **Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket**

Utsleppsløyvet datert 12.06.2017, vilkår 3.1, jf. vilkår 1, 2.3 og 3.2, vilkår 2.5, vilkår 11 og vilkår 12.

#### **Om krava**

##### *Utsleppsmengder*

Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet frå produksjonen reinsast. Reinseprosessar og -innretningar skal samla sett gje utsleppsreduksjon som sikrar at utsleppsgrensene i løyvet vert haldne. Utsleppsmengdene er rekna ut frå produksjonsramma på 500 tonn biomasseproduksjon og 500 tonn fôrforbruk årleg (vilkår 1). Før utslepp til resipienten skal minst 70% av partiklar av organisk materiale fjernast frå avløpsvatnet og samlast opp (vilkår 3.2).

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa (vilkår 2.3). Grenseverdiar for spesifikke utslepp (kg utslepp per tonn fisk produsert) er ikkje konkret vist som eige vilkår i løyvet, men ligg i kombinasjonen av grensene for produksjonen, grensene for utsleppa per år, og kravet om mengdeproporsjonalitet. Årleg grense for utslepp og utrekna spesifikke utslepp er gitt i tabell 1.

**Tabell 1:** Årlege utslepp (tonn/år) og spesifikke utslepp (kg/tonn biomasseproduksjon) på Skålvik. Tala for spesifikke utslepp er rekna ut av Statsforvaltaren, basert på produksjonsramme og grensene for årsutslepp.

Utsleppskomponent	Grense for årlege utslepp (tonn/år)	Spesifikke utslepp (kg/tonn biomasseproduksjon)
<b>Total nitrogen (tot-N)</b>	14,5	29
<b>Total fosfor (Tot-P)</b>	1,5	3,0
<b>Total organisk karbon (TOC)</b>	13,5	27

Unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer skal varslast til Statsforvaltaren (vilkår 2.5).

#### *Utsleppskontroll og måleprogram (vilkår 11)*

Verksemnda skal dokumentere utsleppa til vatn. Målingar og utrekningar skal gi eit representativ oversyn over utsleppa, og utrekningar skal vere basert på fôrforbruk, biologisk produksjon av fisk og produksjon av slam, samt analysar av innhaldet i slammet. Eit måleprogram for utsleppskontrollen skal inngå i verksemnda sin dokumenterte internkontroll, og skal gjere greie for kartlagde utslepp, gjennomføringa av utsleppskontrollen og kvalitetssikringa av målingane, m.m. Fristen for å sende inn måleprogrammet til Statsforvaltaren var når biomasseproduksjonen i anlegget vart over 100 tonn/år. Verksemnda skal kvart år innan 1. mars rapportere utsleppsdata frå året før til Statsforvaltaren.

#### *Resipientovervaking av og rapportering av miljøresultat (vilkår 12)*

Det er sett krav i løyvet om å oppretthalde ein akseptabel tilstand i miljøet i resipienten for utsleppa, og å dokumentere dette gjennom jamleg overvaking. Overvaking av effekten av utsleppa skal følgje eit overvakingsprogram. Fristen for å sende inn overvakingsprogrammet til Statsforvaltaren var eitt år etter at biomasseproduksjonen i anlegget vart over 100 tonn/år.

## **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

#### *Utsleppskontroll – prøvetaking, utrekningar og innrapportering*

- Verksemnda har levert rapport for årleg utslepp frå lokaliteten for 2020, 2022 og 2023. Årsrapport for 2021 er ikkje sendt inn. Verksemnda uttrykte under tilsynet tvil om dei innsendte tala for årleg fôrforbruk og produksjon av fisk. Statsforvaltaren har ikkje mottatt nye tal i etterkant av tilsynet. Våre vurderingar er derfor basert på dei tala som er sendt inn gjennom årsrapporteringa. Verksemnda må kvalitetssikre tala og eventuelt sende inn nye, korrigerede årsrapportar, der årsrapporten for 2021 også vert inkludert.
- Under kontrollen kom det fram at reinseanlegget i periodar ikkje har fungert slik det skal, og at det har vore fleire tilfelle av stans og utbetringar der utsleppa har gått ureinsa til sjø. Verksemnda har ikkje varsla til Statsforvaltaren om unormale tilhøve.
- Verksemnda har ikkje etablert eit måleprogram som skal dokumentere storleiken av, og innhaldet i, utsleppa til vatn. Fristen for å sende inn eit slikt måleprogram til Statsforvaltaren var knytt til produksjonsmengd i anlegget, som vart passert allereie i 2019.

- Verksemda gjer ikkje i tilstrekkeleg grad målingar av sitt utslepp til vatn. Tørrstoff (TS) har blitt målt jamleg i slammet, men innhaldet av nitrogen, fosfor og TOC er innrapportert med nøyaktig dei same verdiane i årsrapportane for 2020, 2022 og 2023. Dette tyder på at verksemda måler for sjeldan i slammet, og at det ikkje er vurdert kor representative dei rapporterte tala er. Usikkerheita ved prøvetaking, analyse og utrekning er ikkje vurdert, og målingane er ikkje kvalitetssikra.

*Verksemda har i etterkant av tilsynet opplyst om at dei har tatt ny slamprøve, og sende Statsforvaltaren analyseresultata når desse er klare. Verksemda ventar òg på ei ekstern vurdering av sine eigne utrekningar av utsleppa til sjø, som dei vil sende til Statsforvaltaren.*

#### *Brot på utsleppsgrenser i løyvet*

- Verksemda hadde brot på årsutsleppsgrensa for fosfor i 2022 (1,5 tonn/år, 2 % over) og 2023 (1,7 tonn/år, 13 % over), og også for total organisk karbon i 2023 (16,5 tonn/år, 22 % over).
- Den årlege produksjonen av fisk ved anlegget var under halvparten av produksjonsramma både i 2022 og 2023. Når det samtidig er brot på grenser for årlege utslepp, har dei spesifikke utsleppa vore høgare enn det som er lagt til grunn i løyvet. For alle måleparametrane (N, P og TOC) ligg dei spesifikke utsleppa godt over det som er føresett i utsleppsløyvet for perioden 2020 til 2023 (24 - 203 % over).
- Dei spesifikke utsleppa av nitrogen og fosfor var i 2020 og 2023 også høge samanlikna med gjennomsnittet for alle landbaserte anlegg i Vestland, medan verdiane i 2022 låg omkring gjennomsnittet. Resultata heng saman med den rapporterte fôrfaktoren som òg var mykje høgare enn gjennomsnittet for anlegga på Vestlandet i 2020 og 2023.
- Reinsnivået for organisk materiale er ifølgje innrapporterte tal oppnådd berre i 2020 (71 % målt som TOC) , men ikkje dei andre åra (57-64 %).

Utsleppsløyvet er tufta på dei opplysningane som vart gitt i søknaden og på det kunnskapsgrunnlaget som låg føre då løyvet vart gitt. Vi presiserer at det er verksemda sitt ansvar å innrette seg etter løyvet, eller eventuelt søke om endring av løyvet dersom dei ønskjer å endre på rammene eller vilkåra som er sette.

Brot på utsleppsgrenser vart også avdekka på førre tilsyn i 2020. Vi ser alvorleg på at vi finn brot på utsleppsgrensene igjen.

#### *Miljøovervaking*

- Verksemda har ikkje eit overvåkingsprogram for å dokumentere miljøtilstanden. Fristen for å sende inn overvåkingsprogram til Statsforvaltaren var knytt til produksjonsmengd i anlegget, som vart passert allereie i 2019.

## Avvik 2: Verksemda har mangelfull internkontroll som gjeld ytre miljø

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 7

Utsleppsløyvet frå 2017, vilkår 2.6 og 11.2

### Om krava

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva det systematiske HMS-arbeidet hos verksemda skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg. Internkontrollforskrifta § 5 krev at verksemda skal ha ein internkontroll som er tilpassa verksemda sin art, aktivitetar, risikoforhold og storleik. Internkontrollen skal dokumenterast i den form og det omfanget som er nødvendig. I tråd med internkontrollforskrifta § 5 punkt 7, skal verksemda iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsett i, eller i medhald av, helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga.

Internkontrollen skal sikre at m.a. krava i løyvet vert haldne, og at verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert (vilkår 2.6).

Måle- og utrekningsprogrammet i utsleppskontrollen skal vere ein del av den dokumenterte internkontrollen (vilkår 11.2).

### Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda opplyste på tilsynet om eit nytt internkontrollsystem som skal innførast for heile Blomkonsernet. Dette systemet var ikkje operativt på tilsynstidspunktet, og det gamle systemet var heller ikkje heilt oppdatert. Verksemda plikter til ei kvar tid å ha eit fungerande internkontrollsystem som dekker ytre miljø. Internkontrollen skal mellom anna sikre at verksemda held utsleppsgrenser, fristar og rapporteringskrav.

Verksemda sitt systematiske internkontrollarbeid har ikkje fanga opp viktige avvik som kan ha verknad for ytre miljø. Rutinane for å førebyggje, avdekke og rette avvik har såleis ikkje fungert godt nok.

- Tilsyn ved Skålvik i 2020 dokumenterte brot på utsleppsgrense i løyvet. I følgje årsrapportering frå verksemda har verksemda sleppt ut meir fosfor (2022 og 2023), og TOC (2023) enn grense sett i utsleppsløyvet jf. avvik 1. Dei spesifikke utsleppa er også mykje høgare enn føresett i løyvet. Verksemda si internkontroll har ikkje evna å følgje opp brot på løyvet i 2020 med nye rutinar som hindrar vidare brot på utsleppsgrensene. Brota på utsleppsløyvet etter 2020 er ikkje avviksregistrert eller på annan måte fanga opp i internkontrollen. Verksemda sine rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på miljøkrava er såleis ikkje gode nok.
- Det vart på tilsynet oppdaga mangelfulle rutinar og kvalitetssikring av utsleppsrelevante data før rapportering. Statsforvaltaren har ikkje mottatt årsrapport for 2021, og verksemda meinte under tilsynet at innsendte tal for årleg bruk av fôr og produksjon av fisk for dei andre åra ikkje er korrekte. Det er i årsrapporteringa også brukt dei same verdiane for N, P og TOC i slammet dei siste tre rapporterte åra, noko som tyder på at innhald i slammet ikkje har blitt målt på fleire år. Dette er ikkje fanga opp av verksemda sine internkontrollrutinar.

- Verksemda har ikkje eit dokumentert måleprogram for utsleppskontroll jf. avvik 1. Det er ikkje utarbeidd ein skriftleg rutine for prøveuttak, eller sett opp ein fast prøvetakingsplan. Mangel på skriftlegheit vil gjere det vanskelegare å sikre at det vert gjort på same måte, dersom andre må overta oppgåva på kort varsel. Dette er ikkje fanga opp av verksemda sine internkontrollrutinar.
- Verksemda sin internkontroll har ikkje fanga opp at det ikkje er utarbeida eit miljøovervakingssystem jf. avvik 1. Resultat og kunnskap frå miljøgranskningane skal brukast i det systematiske forbetningsarbeidet, der redusert miljøtilstand må vurderast opp mot dei faktiske utsleppa ved lokaliteten.

## Merknad 1: Plassering av utsleppspunktet

Kva vurderingar som vart gjort ved flytting av utsleppspunktet kom ikkje tydeleg fram på tilsynet. Utsleppsstaden for prosessavløpsvatnet frå anlegget skal etter utsleppsløyvet førast ut i Lokøyosen på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg, og endring av utsleppsstad skal gjerast basert på ei vurdering frå kvalifisert personell jf. *vilkår 3.3*. I vedtaksbrevet står det at vurderinga skulle vore sendt til Statsforvaltaren for godkjenning. Dette er ikkje nemnt i løyvet, og det er såleis ikkje formelt sett eit brot på løyvet at det ikkje vart sendt informasjon til Statsforvaltaren.

## Merknad 2: Miljøgranskningar

### *Overvaking av resipienten*

Første granskning av sedimentbotn i resipienten var i 2016, før flytting av utsleppspunktet. I 2022 vart miljøtilstanden i sediment kartlagt med ei punktutsleppsundersøking, og data vart rapportert til Vannmiljø. Rapporten frå granskninga i 2022 vart sendt til Statsforvaltaren i etterkant av tilsynet, og resultatata vart derfor ikkje gått gjennom i fellesskap under tilsynet.

Statsforvaltaren har i etterkant av tilsynet oppdaga at granskninga i oktober 2022 dokumenterte lite oksygen i botnvatnet ved ein av stasjonane i sedimenteringsområdet (SKÅ-3). Stasjonen vart klassifisert til tilstand V «*svært dårleg*». I februar 2016 var oksygenverdiane i botnvatnet ved same stasjon innafor tilstand I, «*meget god*». Jamfør utsleppsløyvet *vilkår 12.1* skal tilstandsklassa i sedimenteringsområdet ikkje vere dårlegare enn klasse II når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og det skal ikkje vere ei negativ utvikling. Dei reduserte oksygenverdiane i botnvatnet som vart funne i 2022 er ikkje fanga opp av verksemda i miljørisikoanalyse eller internkontroll.

Vidare overvaking av oksygenverdiane i botnvatnet i sedimenteringsområdet må inngå i overvakingssystemet som skal utarbeidast for lokaliteten jf. avvik 1. Overvakinga må dokumentere om den reduserte tilstanden i sedimenteringsområdet skyldast drifta ved anlegget, eller om det er større naturlege svingingar i oksygenivåa i botnvatnet. For å vurdere eigen påverknad på ytre miljø må resultatata frå granskningane brukast aktivt i verksemda sitt arbeid med miljørisikovurderingar og internkontroll. Dersom overvakinga syner vedvarande redusert tilstand må det gjerast tiltak for å betre tilstanden i botnvatnet i resipienten jf. *vilkår 12.1* i løyvet.

### *Rapportering til Altinn*

Det vart på tilsynet tatt opp at rapportar frå miljøgranskingar bør tilgjengeliggjast for det offentlege via rapportering til Altinn. Rapporten blir da tilgjengeleg også for Statsforvaltaren i Vestland.

### *Måling av straum*

Straumtilhøve og spreiding av organisk avfall frå utsleppet er ikkje målt eller modellert etter at utsleppspunktet vart flytta. For betre vurderingsgrunnlag for stasjonsplassering ved framtidige miljøgranskingar bør det gjennomførast straummålingar.

## Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Blom Settefisk AS må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet. Dette svarer til sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr som vart gitt på tilsynet, og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### **De har rett til å klage**

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunnjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsettjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Del 3: Informasjon om tilsynet

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av Blom Settefisk AS sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er del av ein nasjonal tilsynsaksjon med landbaserte akvakulturanlegg og er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Gunn Helen Henne
- Julie Marie Andersen
- Hedda Østgaard

Kontaktperson hos verksemda:

- Ivar Emil Sangolt

## Anlegg

Følgjande av Blom Settefisk AS sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Lokalitet 11636 Skålvik / Skålvik, settefisk (4626.0065.03)

## Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Utsleppskontroll for utslepp til vatn
- Reinseanlegg
- Internkontroll
- Slamhandtering
- Miljøovervaking

## Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) og tilhøyrande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)
- Anlegget sitt løyve etter forureiningslova, datert 12.06.2017 (utsleppsløyvet)

## Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Årsrapportering til Statsforvaltaren om utslepp til vatn frå 2020, 2022 og 2023
- Miljøgransking frå 2016 og 2022

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

#### *Støykartlegging*

Verksemda utførte i 2021 ei støykartlegging etter klage frå naboar. Det vart under tilsynet opplyst om at det er gjort oppfølgjande støymålingar i etterkant av dette. Vi ber om at denne rapporten vert sendt inn til Statsforvaltaren.

#### *Utsleppspunkt – vi ber om å få koordinatar*

Statsforvaltaren har i tilsynsaksjonen etterspurt koordinatfesta posisjon for alle utsleppspunkt. Korrekt posisjonering er viktig for rett plassering av prøvestasjonar i miljøovervakinga, og for riktig klassifisering av miljøtilstand etter vassforskrifta.

Statsforvaltaren ber om at verksemda sender inn koordinatar for tidlegare og dagens utsleppspunkt, og tidspunkt for når utsleppet vart flytta.

## De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

## Rapporten er offentlig

Denne rapporten vil vere offentlig tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på einnsyn.no, i tråd med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

Med helsing

Gunn Helen Henne  
senioringeniør

Hedda Dugstad Østgaard  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

- Øygarden kommune